



**Utval:** Velferdsutvalet

**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset

**Møtedato:** 03.12.2019

**Møtetid:** 09:00 – 13:30

**Fylgjande faste medlemmer var til stades:**

Navn	Funksjon	Representerer
Marita Byggstøyl Dyrland	Nestleiar	SP
Håkon Høgetveit	Medlem	SP
Gunhild Flatland	Leiar	MDG
Jarand Grøstad Barstad	Medlem	MDG
Katrine Volhovd	Medlem	H
Ingvild Haugerud Øverland	Medlem	AP
Carina Thorvaldsen	Medlem	FRP

**Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Fylgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Til stades frå administrasjonen:**

Navn	Stilling
Finn-Arild Bystrøm	Rådmann
Even Fossum Svendsen	Kommunalsjef

**Andre til stades:**

Navn	Stilling
Beate Marie Dahl Eide	Ordførar
Ronde Schade	Leiar for avd. for integrering og vaksenopplæring

**Protokollunderskrifter:**

Gunhild Flatland  
Sak 1/19, 2/19 og 4/19

Marita Byggstøl Dyrland  
Sak 3/19

## Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka
--------------------	---------	-------

---

	Saker til handsaming	
PS 1/19	Orientering om elevanes skulemiljø i Seljord kommune	
PS 2/19	Orientering om korleis Seljord kommune jobbar med integrering	
PS 3/19	Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, kommuneplan med handlingsprogram	
PS 4/19	Fem dagar skule for alle elevar i Seljord grunnskule	

## **Saker til handsaming**

### **PS 1/19 Orientering om elevanes skulemiljø i Seljord kommune**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Saka blir lagt fram utan tilråding

#### **Handsaming i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

Kommunalsjef Even Fossum Svendsen ga utvalet ei orientering om korleis Seljord kommune jobbar med elevanes skulemiljø.

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

Utvalet tek orienteringa til vitande. Velferdsutvalet ber om at det til neste møte i utvalet tek for seg tilstandsrapport i skulane i Seljord kommune.

### **PS 2/19 Orientering om korleis Seljord kommune jobbar med integrering**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Saka blir lagt fram utan tilråding.

#### **Handsaming i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

Leiar ved avd. integrering og voksenopplæring Ronde Schade ga utvalet ei orientering om korleis Seljord kommune jobbar med integrering.

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

Utvalet tek orienteringa til vitande

### **PS 3/19 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, kommuneplan med handlingsprogram**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Rådmannen rår formannskapet til å gjera fylgjande vedtak:

Formannskapet innstiller til kommunestyre å gjera fylgjande vedtak:

Vedta Gul bok med vedlegg som Seljord kommunes budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 med handlingsdel (kommuneplan med handlingsdel, budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023).

I samsvar med kommunelova § 45 nr. 3 vert årsbudsjett for 2019 lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før den vert handsama av kommunestyret.

I samsvar med kommunelova § 44 nr. 7 vert økonomiplan med framlegg til vedtak lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før planen vert handsama i kommunestyret.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2020 – 2023.
2. I medhald av eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av eigedomsskattetaksten. Vedtektene for eigedomsskatt i Seljord kommune som er vedtatt av kommunestyret 13.12.2012, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jamfør eigedomsskattelova §10.
  - a) For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglande for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.
  - b) For eigedomsskatteåret 2020 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
  - c) For eigedomsskatteåret 2020 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2020 blir rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2020, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
  - d) Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
  - e) Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
  - f) Siste alminnelege taksering i kommunen var i år 2009. Kommunestyret har for eigedomsskatteåret 2020 vedteke å oppjustere takstane med 10 % i medhald av eigedomsskattelova § 8 A-4 om kontorjustering.
3. Nytt låneopptak i 2020 vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 31 år.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av bevillingsoversyn investering, med at summen for investeringstiltak (inkl. avdrag, utlån, andelar og avsetjingar) er i 2020 kr 25 245 mill kr.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke på netto programområdenivå slik det går fram av budsjettskjema bevillingsoversyn drift, fordelt på programområda.
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Innan plan, byggesak, oppmåling og Matikkellova, er det i budsjett 2020 vedteke at ein i løpet av perioden 2020-2021 skal ha ein opptrappingsplan frå 90% til 100% dekning.

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2019**

AMU tek orienteringa til vitande. AMU er bekymra for nedskjeringane som kan kome, og for presset som vil bli på dei tilsette som skal levere tenestene.

Ved stillingsreduksjonar må kommunen halde seg til dei lovar og retningsliner som gjeld for dette, og jobbe for godt samarbeid med tillitsvalde og verneteneste.

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2019**

AMU tek orienteringa til vitande. AMU er bekymra for nedskjeringane som kan kome, og for presset som vil bli på dei tilsette som skal levere tenestene.

Ved stillingsreduksjonar må kommunen halde seg til dei lovar og retningsliner som gjeld for dette, og jobbe for godt samarbeid med tillitsvalde og verneteneste.

### **Handsaming i Administrasjonsutval - 20.11.2019**

Protokollen frå møte i AMU 19.11.2019 vart lagt fram.

Forslag frå leiar:

ADMU vedtek AMU sitt vedtak i sak 45/19, «AMU tek orienteringa til vitande. AMU er bekymra for nedskjeringane som kan kome, og for presset som vil bli på dei tilsette som skal levere tenestene.

Ved stillingsreduksjonar må kommunen halde seg til dei lovar og retningsliner som gjeld for dette, og jobbe for godt samarbeid med tillitsvalde og verneteneste», men med endring i siste setning: «... alle tillitsvalde og vernetenesta.»

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Administrasjonsutval - 20.11.2019**

ADMU tek orienteringa til vitande. ADMU er bekymra for nedskjeringane som kan kome, og for presset som vil bli på dei tilsette som skal levere tenestene.

Ved stillingsreduksjonar må kommunen halde seg til dei lovar og retningsliner som gjeld for dette, og jobbe for godt samarbeid med alle tillitsvalde og verneteneste.

### **Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 21.11.2019**

Samrøystes vedteke med 6 stemmer.

Halfdan Haugan (AP) hadde permisjon og var ikkje med på handsaming av denne saken.

### **Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 21.11.2019**

Formannskapet legg rådmannen sitt budsjettframlegg til grunn og vil koma tilbake til konkrete endringsframlegg til kommunestyret 12. desember.

Formannskapet rår kommunestyret å gjera fylgjande vedtak:

Formannskapet innstiller til kommunestyre å gjera fylgjande vedtak: Vedta Gul bok med vedlegg som Seljord kommunes budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 med hendlingsdel (kommuneplan med handlingsdel, budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023).

I samsvar med kommunelova § 45 nr. 3 vert årsbudsjett for 2019 lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før den vert handsama av kommunestyret.

I samsvar med kommunelova § 44 nr. 7 vert økonomiplan med framlegg til vedtak lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før planen vert handsama i kommunestyret.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2020 – 2023.
2. I medhald av eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av eigedomsskattetaksten. Vedtektene for eigedomsskatt i Seljord kommune som er vedtatt av kommunestyret 13.12.2012, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2020, jamfør eigedomsskattelova §10.
  - a. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglande for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.
  - b. For eigedomsskatteåret 2020 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
  - c. For eigedomsskatteåret 2020 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2020 blir rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2020, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
  - d. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
  - e. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
  - f. Siste alminnelege taksering i kommunen var i år 2009. Kommunestyret har for eigedomsskatteåret 2020 vedteke å oppjustere takstane med 10 % i medhald av eigedomsskattelova § 8 A-4 om kontorjustering.
3. Nytt låneopptak i 2020 vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 31 år.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av bevillingsoversyn investering, med at summen for investeringstiltak (inkl. avdrag, utlån, andelar og avsetjingar) er i 2020 kr 25 245 mill kr.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke på netto programområdenivå slik det går fram av budsjettskjema bevillingsoversyn drift, fordelt på programområda.
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Innan plan, byggesak, oppmåling og Matikkellova, er det i budsjett 2020 vedteke at ein i løpet av perioden 2020, 2021 skal ha ein opptrappingsplan frå 90% til 100% dekning.

### **Handsaming i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

Følgande fekk permisjon før saka vart stemt over:

Carina Thorvaldsen (FrP)

Håkon Høgetveit (SP)

Gunhild Flatland (MDG), leiar

4 representantar handsamar møte. Nestleiar Marita Byggstøyl Dyrland (Sp) er fung leiar.

Avrøysting: Samrøystes vedteke med 4 stemmer.

### **Vedtak i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

Velferdsutvalet tek formannskapetets innstilling av budsjett 2020, og økonomiplan 2020-2023 til vitande.

### **PS 4/19 Fem dagar skule for alle elevar i Seljord grunnskule**

#### **Handsaming i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

##### **Leiar av velferdsutvalet bestiller ein sak til neste Velferdsutval:**

I samband med kommunestyresak 108/17 «Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord grunnskule» som vart handsama i kommunestyret 4.12.2017 var den kommunale praksisen knytt til lekser i skulen eit av temaa i saka. Velferdsutvalet ynskjer å ta oppatt dette arbeidet og ber rådmannen legge fram ei sak for utvalet og kommunestyret om å gjennomføre forsøk med endra leksetype og leksemengde i skulen frå skuleåret 2020/2021, om føresette og lærarar i enkeltklasser ynskjer dette. Mange skular og kommuner har gode erfaringar med dette. Det er viktig med eit sterkt heim-skule-samarbeid og at foreldra vert involvert i skulen på ein positiv måte.

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Velferdsutvalet - 03.12.2019**

I samband med kommunestyresak 108/17 «Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord grunnskule» som vart handsama i kommunestyret 4.12.2017 var den kommunale praksisen knytt til lekser i skulen eit av temaa i saka. Velferdsutvalet ynskjer å ta oppatt dette arbeidet og ber rådmannen legge fram ei sak for utvalet og kommunestyret om å gjennomføre forsøk med endra leksetype og leksemengde i skulen frå skuleåret 2020/2021, om føresette og lærarar i enkeltklasser ynskjer dette. Mange skular og kommuner har gode erfaringar med dette. Det er viktig med eit sterkt heim-skule-samarbeid og at foreldra vert involvert i skulen på ein positiv måte.